

2013

VEDTEKTER FOR  
BARNEHAGANE I TYSNES  
KOMMUNE



Tysnes Kommune

01.10.2013

## Vedtekter for barnehagane i Tysnes kommune

Vedtekne i oppvekst og omsorg 04.06.2013

Vedtekne i kommunestyret 17.09.2013

### **1. FØREMÅL.**

Barnehagane i Tysnes kommune vert drivne etter formålsparagrafen i **Barnehagelova § 1**

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.*

### **2. BARNEHAGEN SITT INNHOLD.**

**Barnehagelova § 2**

*Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.*

*Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.*

*Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.*

*Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.*

*Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.*

*Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.*

*Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver.*

*Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.*

*Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.*

### **3. FORVALTINGSMYNDE.**

- a) Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar med gjeldande forskrifter og Rammeplan for barnehagar.
- b) Tysnes kommune eig og driv barnehagane, og dei er organisatorisk knytt til oppvekstetaten.
- c) Politisk høyrer barnehagane inn under mandatområdet til Oppvekst/omsorg.

#### **4. FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL**

##### **Barnehagelova § 4**

*For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.*

*Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.*

*Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.*

*Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.*

Foreldrerådet skal få seg førelagt og har rett til å uttala seg i saker som er viktige for foreldra sitt tilhøve til barnehagen. Dersom ei sak ikkje blir lagd fram for foreldrerådet, kan rådet krevja at saka blir lagd fram, dersom saka er viktig for foreldra sitt tilhøve til barnehagen.

Ved avstemming skal det gjevast ei stemme for kvart barn, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

Samarbeidsutvalet skal særleg vera med å drøfta barnehagens ideelle grunnlag, og arbeida for å fremja kontakt mellom barnehagen og lokalsamfunnet.

Samarbeidsutvalet skal bli førelagt og har rett til å uttala seg i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemd og tilhøvet til foreldra.

Dersom barnehagen ikkje vert driven innanfor dei rammene som vert sett av gjeldande lover og forskrifter, vedtekter og budsjett, kan samarbeidsutvalet påpeike dette for eigar, og kan melda frå til kommune eller fylkesmann som tilsynsmynde.

Ved avstemming har kvar representant ei stemme. Ved stemmelienskap har leiaren dobbeltstemme. Styrar for barnehagen har møte-, tale- og forslagsrett i samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet fastset årsplan for den pedagogiske verksemda.

#### **5. OPNINGSTID - FERIE - DRIFTSFORM**

##### Opningstid:

Barnehagane har ei generell opningstid på 5 dagar pr. veke a 9,5 timar, til vanleg frå kl. 7.00 til 16.30. Innanfor dagleg opningstid må opphaldstida for det einskilde barnet ikkje overstiga 9 timar pr. dag. Opphaldstida i barnehagen kan vere; 3, 4 eller 5 dagar i veka..

Barnehagane er godkjende for barn frå 0-6 år

Barnehagen heldt stengt julafta og nyttårssafta. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen klokka 12.00.

Oppstart av nytt barnehageår vert kunngjort i skule/barnehageruta.

##### Ferie:

Alle barn i barnehagen skal ha 4 vekers ferie i løpet av eit barnehageår. Barnehagane har stengt 3 veker i juli månad. Den fjerde ferieveka må barnet ta i tillegg. Nytt barnehageår er i starten av august, og dei barna som skal byrje på skulen må ev. søkje om å få gå i barnehagen i august månad, fram til skulestart, dersom det er mulig.

Foreldra skal innan 30. april gje melding om kva tid barnet skal ha sommarferie.

##### Planleggingsdagar;

Barnehagane har 5 planleggingsdagar i året. Planleggingsdagane vert kunngjort i skuleruta/barnehageruta.

Endringar i driftsform kan skje frå eit barnehageår til eit anna, då føresetnadene for drift ved dei ulike barnehagane kan endrast.

## 6. FORELDREBETALING

- a) Stortinget har fastsett ein makspris for full plass i barnehagen. Denne er for tida på kr. 2330,- Foreldrebetalinga er fordelt over 11. månader.
- b) Betaling skjer ved innbetaling direkte til kommunekassen 1 gong pr. mnd. Er det ikkje betalt innan forfall, vert det sendt purring. Det vert rekna forseinkingsrente etter gjeldande satsar. Manglar det framleis betaling etter purring, vert det sendt varsel om oppseiing av barnehageplassen. Dersom ein skuldar betaling for meir enn to månader, vil barnehageplassen verta sagd opp, og gjelda går til forliksråd/inkasso.
- c) Dersom eit barn er vekke grunna sjukdom samanhengande meir enn 1mnd., kan foreldrebetalinga verta redusert når, sjukdom vert dokumentert ved legeattest.
- d) Søskenmoderasjon: Det vert gjeve søskenmoderasjon. Det vil sei at ein betalar full sats for 1.barnet, får 30 % reduksjon for barn nr. 2, og 50 % for barn nr. 3, 4.
- e) Dersom eit barn skal slutta i barnehagen i løpet av barnehageåret, eller redusera plassen, må det meldast frå skriftleg. Oppseiingstida er 2 (to) heile kalendermånader rekna frå den 1. i påfølgjande månad. Etter 1.mai må ein betala ut barnehageåret.
- f) Ein kan i særskilte høve søkje om permisjon og få betalingsfritak frå barnehagen. Det gjeld t.d. ved sjukdom, svangerskap o.a.. Permisjonen vert avgrensa til barnehageåret.
- g) Ev. søknad om friplass må fremjast etter Lov om sosiale tenester eller Lov om barnevernetenester før barnet byrjar i barnehagen.

Barnehageloven § 15. I Forskrift om foreldrebetaling i barnehager § 3 tredje ledd står det: "Alle kommuner skal ha ordninger som kan tilby barnefamilier med lavest betalingsevne en reduksjon eller fritak for foreldrebetaling"

*Betalinga vert fastsett ut frå føresette si inntekt. Grunnlaget er hushaldet si samla personinntekt (Jf. Skattelova kapittel 12).*

*Som eit hushald reknast gifte, registrerte partnarar, sambuarar og einslege.*

*Føresette med lav inntekt, kan søkje om å få redusert betaling i barnehagen. Føresette skal ved tildeling av plass levera seinaste skatteoppgjer innan ein månad. Dersom skatteoppgjeret ikkje er levert innan fristen gjeld høgaste betalingssats. Føresette pliktar å melde ei kvar endring i inntekt som kan ha innverknad for betalinga. Kommunen kan til ei kvar tid krevja naudsynt dokumentasjon frå føresette for å fastsetje grunnlaget for betaling.*

Overtidsgebyr: Dersom eit barn ikkje vert henta innan barnehagen stenger, vert føresette pålagt gebyr for kvar påbegynte time overtid. Storleiken på gebyret vert fastsett av kommunen. Dersom det føreligg særskilte årsaker til at barnet vert henta for seint kan styrar vurderer om krav skal fremjast.

## **7. OPPTAK - OPPTAKSKRITERIA.**

- a) Ved søknad om plass skal det nyttast eige skjema påført nødvendige opplysningar. Opptak blir føreteke ut frå dei opplysningane som kjem fram på søknadsskjemaet. Søknad skal sendast Tysnes skulekontor.
- b) Det vert føreteke eitt *hovudopptak* i året, gjeldande frå barnehagestart i august. Søknadsfrist er **1. februar**. Søknader som kjem inn etter den tid, vert vurdert etter kvart, dersom det er ledige plassar. Det vert elles sett opp venteliste. Barnehageplassen vert tildelt frå det året ein søker, og til han vert sagt opp skriftleg, eller når barnet startar på skulen. Svar på søknad om plass i løpet av barnehageåret, skal gjevast seinast tre månader før barnet skal byrja i barnehagen.
- c) Oppvekstsjefen føreteker samordna opptak etter innstilling frå styrarane. Melding om opptak vert gjeve skriftleg.
- d) Klage: Det er høve til å klaga på eit vedtak fatta av skulesjefen. Ev. klage må setjast fram skriftleg innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteke. Utval for Oppvekst/omsorg er klageinstans.

### **Barnehagelova § 12a. Rett til plass i barnehage**

*Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.*

*Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.*

*Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.*

### **Barnehagelova § 13. Prioritet ved opptak**

*Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne.*

*Barn som det er fattet vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.*

*Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage.*

### Opptakskriterier.

1. Dei som har barnehageplass, har fyrste rett til å utvide plassen innan 20.januar før hovedopptak.
2. Barn som har hatt permisjon ifrå barnehageplassen får plass ved nytt barnehageår og treng ikkje søkja på nytt.
3. Søsken av barn som allerede har plass i den aktuelle barnehagen.
4. Barn av foreldre som av praktiske grunnar kan grunngje at dei må ha plass i den aktuelle barnehagen.

### Ventelistekriterier;

1. Søsken av barn som allereie har plass i den aktuelle barnehagen
2. Barn som allereie har plass i barnehage, men som ynskjer å byte barnehage.
3. Barn av foreldre som av praktiske grunnar kan grunngje at dei må ha plass i den aktuelle barnehage.
4. Det barnet som har lengst ansiennitet får byte barnehage først, ellers går det etter alder.
5. Ventelistebarn, som ikkje har plass.

## 8. BARNEHAGANE SINE LEIKE- OG OPPHALDSAREAL.

*Rettleiande norm for barna sit leikeareal inne er 4 kvadratmeter netto pr. barn over 3 år og om lag 1/3 meir pr. barn under 3 år. Utearealet bør vera om lag 6 gonger så stort som leike- og oppholdsarealet inne (merknader til barnehageloven)*

Desse opplysningane kjem fram i godkjenninga for den einskilde barnehage i kommunen, og gjev opplysningar både om ute- og inneareal.

Barnehage	Plassar	Avdelingar	Inneareal	Uteareal
Vågsmarka	36	2	144	1630
Stjernereiso	72	4	284	2165
Lunde	36	2+	236	1660
Onarheim	26 (midlertidig)	1,5	180	1000

## 9. INTERNKONTROLL.

Barnehagane i kommunen er pålagt internkontroll, og følgjer kommunen sine retningslinjer/rutinar for dette.

## 10. HELSETILSYN.

Alle barn står under tilsyn av kommunehelsetenesta.

Sjuke barn skal vera heime pga smittefaren. Dersom barnet har feber, kan det ikkje komme i barnehagen. Styrar, eller den som til ei kvar tid har ansvaret på avdelinga, har rett til å avgjera om barn som er/vert sjuke bør sendast heim.

Dersom barnet vert sjukt eller skada i løpet av barnehagedagen, vert foreldre/føresette kontakta for ev. henting. Dersom det oppstår alvorleg skade ved ulukke e.l., vert lege kontakta umiddelbart, saman med foreldre/føresette.

Før barnet tek til i barnehagen, skal nødvendige opplysningar om barnet si helse leggjast fram.

## 11. ANSVAR

- Alle barn er ulukkesforsikra gjennom eigar si forsikring.
- Personalet har ansvar for barna den tida barnehagen er open. Levering og henting er foreldra sjølve ansvarlege for.
- Barnehagen har ikkje ansvar for private leiker etc. som barnet har med seg i barnehagen.
- Dei tilsette i barnehagen kan ikkje ta med seg barna som passasjerar i eigen bil eller på off. transportmiddel utan foreldra sitt samtykke. Slikt ev. samtykke skal liggje føre skriftleg innan 14 dagar etter at barnet har begynt i barnehagen. (På eige skjema).

## 12. PERSONALET SINE PLIKTER

### Barnehagelova § 19 Politiattest

*Den som skal arbeide i barnehage må legge fram tilfredsstillende politiattest. Attesten skal vise om vedkommende er siktet, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn.*

*Personer som er dømt for seksuelle overgrep mot barn, er utelukket fra arbeid i barnehager.*

*Kommunen kan kreve politiattest etter første ledd også for andre personer som regelmessig oppholder seg i barnehagen.*

### Barnehagelova § 20. Teieplikt

*For virksomheter etter denne lov gjelder reglene om taushetsplikt i forvaltningsloven §§ 13 til 13f tilsvarende.*

## Vedtekter for barnehagane i Tysnes kommune

Medlemmer i utvalet for oppvekst og omsorg, samarbeidsutvalet, tilsette i administrasjonen og i barnehagane har teieplikt om saker dei vert kjende med i tenesta.

### Barnehagelova § 21. Opplysningsplikt til sosialtjenesten

*Barnehagepersonalet skal gi sosialtjenesten bistand i klientsaker. De skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som bør føre til tiltak fra sosialtjenestens side, og de skal av eget tiltak gi sosialtjenesten opplysninger om slike forhold. Av eget tiltak kan opplysninger bare gis etter samtykke fra klienten, eller så langt opplysningene ellers kan gis uten hinder av taushetsplikt. Opplysninger skal normalt gis av styrer.*

### Barnehagelova § 22. Opplysningsplikt til barneverntjenesten

*Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak fra barneverntjenestens side.*

*Uten hinder av taushetsplikt skal barnehagepersonalet av eget tiltak gi opplysninger til barneverntjenesten, når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. lov om barneverntjenester § 4-10, § 4-11, § 4-12, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige adferdsvansker, jf. samme lov § 4-24. Også etter pålegg fra de organer som er ansvarlige for gjennomføringen av lov om barneverntjenester, plikter barnehagepersonalet å gi slike opplysninger. Opplysninger skal normalt gis av styrer.*

### Registreringsplikt

I samband med innføringa av kontantstønad til småbarnsforeldre, har kommunen plikt til å føra register over barna si avtala opphaldstid i barnehagane. Kommunen har som eigar opplysningsplikt til NAV (Jf Barnehagelova §§ 8a)

### 13. ENDRING AV VEDTEKTENE.

Mindre endringar av vedtektene kan gjerast utan politisk handsaming, då endringar i driftstilhøve o.l. vil kunne skje i løpet av året/for kvart barnehageår.

Andre endringar av vedtektene skal godkjennast av Oppvekst/omsorg.

Vedtektsendringar som har innverknad på foreldre sitt tilhøve til barnehagen, skal leggjast fram for foreldreråd/samarbeidsutval før endeleg handsaming.

